



Saksframlegg

Søknad om tilskot frå næringsfondet til geitefjøs på Moghus gbnr. 34/2

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Søknad om tilskot vedlagt kostnadsoverslag og driftsplan

Bakgrunn for saka:

Elin Ringhus har sendt inn søknad til næringsfondet om støtte til bygging av fjøs til geiter på Moghus, gbnr. 34/2, datert 15.10.25

Kostnadsoverslaget på fjøset er på 2,7 mill. Prosjektet har fått kr. 1,1 mill av Innovasjon i støtte og det vert søkt næringsfondet om eit tilskot på kr.160.000,-.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Legge til rette for berekraftige og grøne arbeidsplassar og ta vare på primærnæringane

Elin Ringhus og Kåre Hagen kjøpte Moghus sommaren 2022. Dei er engasjerte og har masse pågangsmot. Akkurat slike nye innbyggjarar kommunen ynskjer seg, folk med engasjement som etablerer seg på gardsbruk og satsar innan landbruket.

Gardsbruket er planlagt å vere heiltidsarbeidsplass for Elin. Slik sett skaper ho sin eigen arbeidsplass.

Dei har alt rydda mykje attgrodd areal rundt garden for å få fram nytt beite til geitene og få det gamle kulturlandskapet fram att. Med dyrehaldet sitt er dei i startgropa og har no 21 unggeit som skal kje for fyrste gong til våren. Dei har investert i Nofencebjøller slik at dei kan ta på seg oppdrag på ein lettvinnt måte med å sende geitene på beite rundt om i kommunen og slik halde krattoppvekst nede.

Fjøset skal vere ein enkel bygning med plass til om lag 50 mjølkegeit, samt avdeling for oppal av kje.

Planen deira er å starte med mjølkeproduksjon og steg to i prosjektet er mjølkestall, mjølkerom og ysteri, men desse investeringane kjem i neste byggetrinn. No er det å få opp sjølve fjøset. Det gamle fjøset er alt rive og det nye vert bygd opp utan kjellar, men med halve veggjar i betong pga talle. Bygget over skal vere i slepplatt.

Dei har alt fått innvilga kr. 1,1 mill frå Innovasjon til prosjektet. Om vi trekker dette frå kostnadsoverslaget vert det kr. 1.600.000,- att som ikkje har fått offentleg støtte. Om vi legg til grunn tidlegare tilsegn om løyve til andre fjøsprosjekt har det vore om lag 10% av budsjetterte kostnader når andre tilskot er trekt frå. Det skulle såleis gje eit tilskot i dette høvet på 160.000,-.

Sakshandsamar tilrår på det varmaste å løyve pengar til dette prosjektet. Slike prosjekt gjev ikkje berre positive ringverknadar i byggetida med å bruke lokale entreprenørar men også vidare etter byggeperioden med tanke på alle som leverer varer og tenester til landbruket. I tillegg er det heilt i tråd med dei strategiane vi har i samfunnsdelen der vi skal legge til rette for berekraftige og grøne arbeidsplassar. Med denne satsinga er vi også med å legge til rett for lokal produksjon av mat som er eit satsingsområde, sjølv om dette kjem i neste omgang. Både Elin og Kåre har erfaring både når det gjeld geitehald og også å stå i eit byggeprosjekt så dette blir veldig bra både for dei sjølva og for landbruket og lokalsamfunnet i kommunen.

Konklusjon:

Det vert rådd til å løyve eit tilskot på kr.160.000,- frå næringsfondet til nytt geitefjøs på Moghus hjå Elin Ringhus og Kåre Hagen. Totalkostnaden for prosjektet er på kr. 2,7 mill. Tilskotet tilsvarer 5,9 % av totalbudsjettet og 10 % av kostnadane når ein har trekt frå tilskotet som er innvilga frå Innovasjon.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr. 160.000,- i investeringstilskot til Elin Ringhus for å setje opp nytt fjøs for geit på Moghus, gbnr. 34/2. Det er flott at ungdom satsar innan landbruket.

Løyvinga hentast frå næringsfondet konto 1410.470, inneståande pr. 25.11.25 er kr.822 000,-, før vedtak.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Elin Skålid
	rådgjevar landbruk